

Møte nr. 1-2010



**Kontrollutvalet i Klepp
INNKALLES TIL MØTE
11. februar 2010 kl. 16.00 på Rådhuset, Klepp**

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og sakliste.

- 01/10 [Godkjenning av protokoll frå møte 26.11.09](#)
- 02/10 [Orientering frå rådmannen vedr dokumentbehandling, offentleglova m.m.](#)
- 03/10 [Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2010: Prosjektstyring](#)
- 04/10 [Kontrollutvalets årsmelding 2009](#)
- 05/10 [Årsrekneskap 2009 - kontrollutvalets budsjett](#)
- 06/10 [Eigenkontroll i kommunane, orientering om rapport](#)
- 07/10 [Tolkingar frå Departementet - kontroll og tilsyn](#)
- 08/10 [Oversikt over status bestilte prosjekt og kontrollar pr. februar 2010](#)

EVENTUELT

MELDINGAR

- 01/10 Særutskrift av møtebok - Handlingsplan 2010 - 2013 / Budsjett 2010
- 02/10 Stor undersøkelse teknisk etat i kommunane

Rådmann Svein Tore Åtland er invitert til møtet i samband med sak 2/10.

Ver grei å melda eventuelt forfall snarast på telefon 51976590, som sms til mobiltf. 98806776 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn..

Evt. saker merka(*Unnateke offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Kleppe,02. Februar 2020

Hanne-Lill Steen
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S: Olsen
Sekretariatet

MELDINGSSAKER

Periode: 26. november 2009 - 11. februar 2010

Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
01/10	200800303-2	Særutskrift av møtebok - Handlingsplan 2010 - 2013 / Budsjett 2010
02/10	200800001-35	Stor undersøkelse teknisk etat i kommunane

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800244
Arkivkode : E: 049
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 11.02.2010	Utvalgssaksnr. 01/10
---	-------------------------------	--------------------------------

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26.11.09

Det vert vist til vedlagde protokoll frå kontrollutvalet sitt møte den 26. november 2009.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå møtet 26.11.09.](#)

SANDNES, 29.01.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

Vedlegg:
[Protokoll frå møte 26.11.09.](#)

**PROTOKOLL**

Utvalg: Kontrollutvalet i Klepp	Møtenr.: 4-09	Møtedato: 26. november 2009	Utvalgssaksnr.: 20/09 - 26/09
Innkalt: Hanne Lill Steen Kristian K. Kleppe Arild Børge Skjæveland Reidar B. Thu Sigrid Lærdal	Forfall: Ingen		
Andre: Rådmann Svein Tore Åtland, Klepp kommune Økonomisjef Viggo Johansen, Klepp kommune Økonomikonsulent Torhild Harberg, Klepp kommune Stein Ove Songstad, Deloitte AS Anders Dugstad, Deloitte AS			

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

Ved byrjinga av møtet presenterte den nye rådmannen; Svein Tore Åtland seg for kontroll-utvalet. Rådmannen deltok deretter saman med økonomisjef Viggo Johansen i samband med at han presenterte budsjettforslaget for 2010 for kontrollutvalet.

20/09 Forvaltningsrevisjonsrapport Innkjøp

Anders Dugstad og Stein Ove Songstad frå Deloitte AS orienterte om rapporten.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK

1. Kommunestyret i Klepp tar forvaltningsrevisjonsrapporten vedr. *Innkjøp* til etterretning.
2. Rapporten vert oversend rådmannen for vidare oppfølging, spesielt gjeld dette påvist brot på *Lov om offentlige anskaffingar* og anskaffingar som elles ikkje er i tråd med lova.
3. Kontrollutvalet får tilbakemelding på korleis rapporten er følgt opp ca. 6 mnd. etter sluttbehandling i kommunestyret.

21/09 Møteplan for 2010

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtar følgjande møteplan for 2010:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Torsdag 11.02.10	Kl. 16.00	
Torsdag 22.04.10	Kl. 16.00	<i>Kan bli endra</i>
Torsdag 10.06.10	Kl. 16.00	
Torsdag 02.09.10	Kl. 16.00	
Torsdag 02.12.10	Kl.16.00	

22/09 Kontrollutvalets innstillingsrett til kommunestyret

Kontrollutvalet foreslo å fjerna formuleringa ”til rådmannen” i forslag til vedtak.

Forslag til vedtak vart deretter samrøystes vedtatt med denne endringa.

VEDTAK:

Kontrollutvalet oversender saka til kommunestyret til orientering, og ber om at ein merker seg uttalene frå Departementet ang. kontrollutvalets innstillingsrett til kommunestyret, m.a. når det gjeld realitetsbehandling av forvaltningsrevisjonsrapportar.

23/09 Forslag til årsplan for 2010

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

- Kontrollutvalet i Klepp vedtar den framlagde årsplanen for 2010 med dei eventuelle endringar som kom fram i møtet.
- Planen vert oversend kommunestyret i Klepp til orientering.

24/09 Bestilling av prosjektmandat for forvaltningsrevisjon i 2010

Sekretariatet sender over eksakt budsjett for forvaltningsrevisjon til revisor.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet ber revisor leggja fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Prosjektstyring" til møtet i februar 2010.

25/09 Oversikt over status bestilte prosjekt og kontrollar pr. november 2009

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar oversikt over status prosjekt og kontrollar pr november 2009 til orientering.

26/09 Godkjenning av protokoll frå møte 10.09.09

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå møtet 10.09.09.

MELDINGAR

10/09 Kontrollutvalets oppfølging av vedtatte forvaltningsrevisjonsrapportar
Kontrollutvalet vil følgja opp rapportane som vanleg.

EVENTUELT

Brev av 26.11.09 frå Asbjørn Ånestad.

*Kontrollutvalet diskuterte saka, og beslutta at ein vil ha fokus på dette området framover. Rådmannen vert orientert for å gi ei orientering på neste møte.
Sekretariatet sender melding til Ånestad om kontrollutvalets beslutning.*

Underskrifter:

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Nestleiar i kontrollutvalet

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800279
Arkivkode : E: 047
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 11.02.2010	Utvalgssaksnr. 02/10
---	-------------------------------	--------------------------------

**ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN VEDR DOKUMENTBEHANDLING,
OFFENTLEGLOVA M.M.**

Bakgrunn:

I tråd med ønske frå forrige møte i kontrollutvalet er rådmannen invitert til dette møtet for å orientera om Klepp kommunes behandling av dokument, også i høve til bestemmingane i Offentleglova.

Saksutredning:

Kontrollutvalets invitasjon av rådmannen har m.a. bakgrunn i tidlegare henvending til kontrollutvalet om Klepp kommunes handtering av Offentleglova. Sekretariatet har den 29.01. mottatt oversikt frå rådmannen som viser kommunens rutinar for registrering og arkivering av dokument, sjå vedlegg.

Rådmannen vil vera til stades på møtet for å orientera og svara på spørsmål.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet tar rådmannens orientering til etterretning.

SANDNES, 29.01.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

Vedlegg:

[Brev av 29.1.2010 frå Klepp kommune](#)



Til :

Kontrollutvalet

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>
08/2606-27	208/10	041	SEN/SEN/STAA

RUTINAR Ó REGISTRERING OG ARKIVERING AV DOKUMENT

1.1 All post vert levert til sentralarkivet for journalføring i EDB/sak arkiv-systemet

- Personleg levert post. Dersom saksbehandlar mottar personleg levert post, er det saksbehandlar sitt ansvar å levere denne til sentralarkivet for registrering og skanning.
- Telefaks. Alle som mottar arkivverdig telefaks er ansvarleg for å bringe denne til arkivet for registrering og skanning.
- Elektronisk post (e-post). Det er saksbehandlar sitt ansvar å sørge for at elektronisk post som er arkivverdig vert sendt vidare til postmottak for registrering.

1.2 Opning og sortering

- Personleg adressert post, post til PPT og barnevern skal ikkje opnast, men vert sendt direkte til rette vedkommande. Viser det seg å være sakspost, følgjer ein retningslinjene som under personleg levert post. PPT og barnevern har ansvar for stempling, registrering og oppfølging i eigne fagsystem som er PPI og Familie.
- Fullmakt til opning av personleg adressert post kan gis til sentralarkivet. All annan post vert opna. Arkivverdig e-post til postmottak blir arkivert direkte i sak/arkiv systemet.
- Anbod - ved lukka anbod blir ytre konvolutt stempla og fordelt uopna til anbodsinnbydar. Etter opning skal anbodet først tilbake til sentralarkivet for registrering og skanning. Opne anbod vert behandla som vanleg brev.
- Post som tilhøyrar klient/elev skal leverast til sentralarkivet for registrering og skanning. Elevpost vert registrert med rett tilgangskode, § og heimel, og deretter skanna. Vert dokument levert direkte til skulen/barnehagen skal dei sendast til sentralarkivet for journalføring.
- Brukar/klientpost til heimetenesta og sosialkontoret. Avdelinga har sjølv ansvar for stempling, registrering og oppfølging av dokumenta i eigne fagsystem som er Profil og Oscar.
- Arkivverdig materiale som reklame, aviser, tidsskrifter, kurs o.a. blir sortert direkte i hyllene.

- Rekningar, faktura vert opna og levert direkte til økonomiavdelinga. Møteinnkalling og protokollar blir lagt i posthyllene.
- Hastesaker. Kopi av dokument blir levert direkte til saksbehandlar, dersom det er stilt direkte til ein bestemt person, eller kommunalsjef for vidare fordeling. Originalen følgjer vanleg postgang. Saksbehandlar kan kaste kopien når originalen er journalført og skanna.

1.3 Journalføring og fordeling

Gjennomsyn

- Sentralarkivet fører midlertidig på saksbehandlar og unntatt offentlegheit på posten til organisasjonen.
- Rådmann/kommunalsjef sjekkar etat, saksbehandlar og unntatt offentlegheit på elektronisk journal.
- Sentralarkivet ajourfører sak/arkiv etter tilbakemelding om endring.
- Fordeling av sakene til saksbehandlar blir gjort via EDB/sakarkiv systemet av arkivet.
- Det er leiar/saksbehandlar sitt ansvar å vurdere om eit dokument er unntatt offentlegheit, tilgangsgrupper og § og heimel.
- Kontrollerer at det er rett saksbehandlar og unntatt offentlegheit som er påført dokumentet. Eventuelle endringar skal meldast til arkivet.
- Dersom dokumentet blir overført til ein annan saksbehandlar, skal arkivet ha beskjed og rette dette elektronisk.
- Saksbehandlar er ansvarleg for å skjermje dokument med sensitive opplysningar under saksbehandlingsprosessen.

1.4 Skanning

Dokument motteke på papir, vert skanna og lagra elektronisk, sentralarkivet har ansvar for:

- at alle mottekne dokument er skanna og elektronisk arkivert
- at alle sider er kome med på kvart dokument
- at skanninga er kvalitetsmessig god
- at det er samsvar mellom arkiverte dokument og registrerte (journalførte) opplysningar.

1.5 Dokument unntatt offentlegheit

- Sentralarkivet vurderer om eit inngåande dokument er unntatt offentlegheit, fører på midlertidig tilgangsgruppe, § og heimel.
- Rådmann, kommunalsjef og saksbehandlar har ansvar for kvalitetssikring.

1.6 Gradering av dokument

Gradert post som skal skjermast på grunn av sikkerhet, eller andre grunnar blir behandla i forhold til gjeldande reglar for dette.

Dokumenta skal registrerast og skannast i sak/arkiv systemet med :

- 1. dato for journalføring
- 2. saks- og dokumentnummer
- 3. § og heimel
- 4. Tilgangsgruppe

§§ som oftast blir brukt :

- § 5 Utsett offentlegheit
- § 14 Dokument utarbeidet for eigen intern saksførebuing
- § 15 Dokument innhenta for egen intern saksførebuing
- § 13 Dokument undergitt lovbestemt taushet
- § 20 Utanrikspolitiske interesser
- § 21 Forsvarssaker
- § 22 Budsjettsaker i visse organ
- § 23 Forhandlingsposisjon ang. økonomi, lønn, personale
- § 25 Tilsetjing
- § 18 Rettsaksdokument
- § 26 Eksamenssvar, karakterar
- § 24 Kontroll- og reguleringstiltak, lovbrøt, dokument som kan lette lovbrøt
- § 27 Heimel i forskrift

Klepp kommune, 29.01.2010

Svein Tore Åtland
rådmann

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201000009
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utval: Kontrollutvalet i Klepp	Møtedato 11.02.2010	Utvalgssaksnr. 03/10
---	-------------------------------	--------------------------------

**BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR LEVERING I 2010:
PROSJEKTSTYRING**

Bakgrunn:

Kontrollutvalet i Klepp ba på sitt forrige møte revisor om å leggja fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Prosjektstyring". Prosjektet er prioritert for forvaltningsrevisjon i Klepp kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon, som vart vedtatt av kommunestyret i Klepp den 9. februar 2009.

Saksutredning:

Ved bestilling av prosjektet vart det opplyst frå revisor at for å få det prosjektet som var vedtatt i planen, ville det gå med eit arbeidsforbruk på minst 200 timar. I samband med budsjett for 2010 vart kontrollutvalets budsjettframlegg til forvaltningsrevisjon redusert slik at det kun vart att ca. 100.000 kr. for gjennomføring av prosjektet. Det vart på vegne av kontrollutvalet søkt om å få same beløp som foreslått i kontrollutvalets budsjettframlegg (210.000,-), men dette vart avslått.

Revisor har derfor lagt fram utkast til eit avgrensa prosjekt, som stort sett skal kunne gjennomførast innan vedtatt budsjett. Det stipulerte timetalet ligg likevel noko over vedtatt budsjett.

Føremålet med prosjektet vert foreslått å vera at det skal gjennomførast ein forvaltnings-revisjon av prosjektstyring i Klepp kommune for å vurdere om prosjektstyringa er tilfreds-stillande, og peika på forbettringspotensial.

Ut frå dette føremålet foreslår revisor at det vert sett nærare på:

1. I kva grad gir politiske vedtak om investeringsprosjekt tilstrekkelege føringar for gjennomføring av prosjekt?
2. I kva grad er det etablert budsjett og framdriftsplan for investeringsprosjekta?
3. I kva grad er prosjekt organisert med klare rolle- og ansvarsforhold?
4. I kva grad er det etablert system for risikovurdering av prosjekt?
5. I kva grad har Klepp kommune etablert rutinar for å følgje opp framdriftsplanar, budsjett, avviksrapportering og iverksetting av tiltak i prosjektgjennomføringa?
6. I kva grad vert det gjennomført risikostyring i prosjektperioden?
7. I kva grad nyttar kommunen prosjektrekneskap som gjev grunnlag for styring, kontroll og budsjettoppfølging?
8. I kva grad er det gjennomført evaluering av gjennomførte investeringsprosjekt som grunnlag for læring og tiltak til forbetring?

Av di prosjektet har blitt avgrensa grunna økonomien, vil prosjektet ha fokus på dei overordna trekkene ved kommunens prosjektstyring. Revisor påpeiker at innafør dei tildelte rammene av forvaltningsrevisjonsprosjektet vil det vere lite tenleg å gjennomgå enkeltprosjekt i detalj. Revisjonen vil heller ikkje undersøke om anskaffingar i prosjekt i Klepp skjer i tråd med regelverket om offentlege anskaffingar.

Når det gjeld økonomien, vil prosjektet slik den nå ligg føre kosta godt 125.000 kr. Det er ca. 25.000 kr. over vedtatt budsjett til forvaltningsrevisjon. Dersom ein ser på rekneskapen for 2009, er det eit mindreforbruk på utgifter til rekneskapsrevisjon. Dersom det same gjer seg gjeldande i år vil det vere mulig å bruke midlar herifrå for å gjennomføra prosjektet.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Prosjektstyring” i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

Prosjektet må i størst muleg grad gjennomførast innafor vedtatt budsjett, sjå saka.

SANDNES, 20.01.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

Vedlegg:
[Utkast til prosjektmandat](#)

Prosjektplan.

Prosjektstyring i Klepp kommune

Innhald

1.	Innleiing	11
2.	Føremål og problemstillingar	11
3.	Avgrensingar	11
4.	Revisjonskriterium.....	11
4.1	Administrative reglement	11
4.2	Grunnleggjande prinsipp for prosjektgjennomføring	11
5.	Metode	12
6.	Nøkkelpersonell	12
7.	Tid og ressursbruk	12

Innleiing

Deloitte har med utgangspunkt i førespurnad frå kontrollutvalet i Klepp kommune utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av prosjektstyring i kommunen. Oppdraget vil bli utført i henhold til gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

Føremål og problemstillingar

Føremålet med oppdraget er å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av prosjektstyring i Klepp kommune for å vurdere om prosjektstyringa er tilfredsstillande, og peike på forbedringspotensial. Forvaltningsrevisjonen vil svare på følgjande problemstillingar:

9. I kva grad gir politiske vedtak om investeringsprosjekt tilstrekkelege føringar for gjennomføring av prosjekt?
10. I kva grad er det etablert budsjett og framdriftsplan for investeringsprosjekta?
11. I kva grad er prosjekt organisert med klare rolle- og ansvarsforhold?
12. I kva grad er det etablert system for risikovurdering av prosjekt?
13. I kva grad har Klepp kommune etablert rutinar for å følgje opp framdriftsplanar, budsjett, avviksrapporing og iverksetting av tiltak i prosjektgjennomføringa?
14. I kva grad vert det gjennomført risikostyring i prosjektperioden?
15. I kva grad nyttar kommunen prosjektrekneskap som gjev grunnlag for styring, kontroll og budsjettoppfølging?
16. I kva grad er det gjennomført evaluering av gjennomførte investeringsprosjekt som grunnlag for læring og tiltak til forbedring?

Avgrensingar

Revisjonen vil ha fokus på dei overordna trekka ved kommunens prosjektstyring, men vil kunne nytte enkeltprosjekt som kjelde til kunnskap om prosjektstyring i kommunen. Innafor dei tildelte rammene av forvaltningsrevisjonsprosjektet vil det vere lite tenleg å gjennomgå enkeltprosjekt i detalj. Revisjonen vil ikkje undersøke om anskaffingar i prosjekt i Klepp skjer i tråd med regelverket om offentlege anskaffingar.

Revisjonskriterium

Revisjonskriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. Revisjonskriteria nemnt i planen er ikkje utømmende for kva som kan vera relevant i revisjonen. Andre kriterium vil kunne kome til dersom det skulle vera naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

1. Administrative reglement

Administrative reglement i Klepp kommune gir føringar for delegering av mynde i prosjekt i kommunen.

2. Grunnleggjande prinsipp for prosjektgjennomføring

Grunnleggjande prinsipp for prosjektgjennomføring kan utleiaast av teori og standardar. I forvaltningsrevisjonen vil ISO-standarden "Kvalitetsstyring i prosjekt"¹ bli nytta som autorativ kjelde. Det vil i tillegg bli nytta føreliggjande teori som praktisk rettesnor.

¹ NS-ISO 10006:2003 "Retningslinjer for kvalitetsstyring i prosjekt". Dette er ein norsk utgåve av ein internasjonal standard som er del av den overordna ramma "Systemer for kvalitetsstyring".

Metode

Revisjonen vil nytte dokumentstudie og intervju, og spørjeundersøking dersom det viser seg aktuelt. Aktuelle dokument i dokumentstudiet vil kunne handle om overordna rutinar, investeringsbudsjett, og til dømes møtoreferat frå nokre utvalde prosjekt. Utfyllande informasjon vil bli henta inn gjennom telefonintervju og eventuelt spørjeskjema, avhengig av omfanget på aktuelle informantar.

Nøkkelpersonell

Forvaltningsrevisjonen vil bli gjennomført av director Gunnar Hoff og seniorkonsulentane Heidimarie Evensen og Tone Mari Dahle. Ansvarleg partnar på oppdraget er Svein Sivertsen.

Tid og ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin art og den planen som er lagt for korleis det skal bli gjennomført, er det stipulert at det vil ta 155 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av empiri i høve til revisjonskriterium, og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.

Oppstart av prosjektet vil vere februar 2010. Med utgangspunkt i forventa ressursbruk vil det vere slutført innan mai 2010. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at kommunen innan rimeleg tid stiller dokumentasjon tilgjengeleg og at utvalde personar stiller til intervju eller gjennomfører eventuell spørjeundersøking. Deloitte gjer merksame på at vi vil fakturere for overskytande timar om administrasjon av dokumentinnhenting, påminningar verifiseringar tar meir tid enn det ein normalt kan vente. Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i høve til avtale. Stavanger, 24. januar 2010

Svein Sivertsen, ansvarleg partnar

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800001
Arkivkode : E: 033
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 11.02.2010	Utvalgssaksnr. 04/10
---	-------------------------------	--------------------------------

KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING 2009**Bakgrunn:**

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for 2009 for kontrollutvalet i Klepp. Årsmeldinga skal oppsummera kontrollutvalet sitt arbeid i 2009.

Saksutgreiing:

Resultata er og sett opp mot kontrollutvalets vedtatte årsplan for 2009. Dersom kontrollutvalet har endringar til det framlagde utkastet, vil desse bli innarbeid av sekretariatet før årsmeldinga vert vidaresend kommunestyret til orientering.

Det vert elles vist til forslag til årsmelding, som ligg ved.

Forslag til

VEDTAK:

- [Kontrollutvalet i Klepp vedtar kontrollutvalets årsmelding for 2009.](#)
- [Årsmeldinga vert oversend kommunestyret i Klepp til orientering.](#)

SANDNES, 16.12.2009

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

Vedlegg:

[Utkast til årsmelding 2009](#)

ÅRSMELDING FOR 2009

1. KONTROLLUTVALETS ANSVAR OG OPPGÅVER

Kontrollutvalet skal iht. kommunelovens § 77 og forskrift for kontrollutval, "føre løpende tilsyn med den kommunale forvaltningen" på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet har ut frå lovverket følgjande hovudoppgåver:

1. Sjå til at kommunen sine rekneskap blir revidert på ein trygg måte
2. Sjå til at revisors merknadar til årsrekneskapen vert følgt opp
3. Sjå til at kommunen fører kontroll med sine interesse i selskap
4. Sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon
5. Sjå til at det vert gjennomført selskapskontroll
6. Ansvar for oppfølging av kommunestyret sine merknadar til rapportar
7. Utarbeida forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen

2. KONTROLLUTVALETS SAMANSETNING:

Kontrollutvalet består i den inneverande perioden av:

Medlemmer 2007 - 2010

Hanne-Lill Steen - leiar

Kristian K. Kleppe - nestleiar

Arild Børge Skjæveland

Reidar B. Thu

Sigrid Lærdal

Varamedlemmar (personlige):

Gisle Meling

Bjørn Sæstad

Conni A. Erga

Reidun Hjelmervik

Knut Sigmund Lende

3. ORGANISERING AV KONTROLLARBEIDET I KLEPP KOMMUNE

Kontrollutvalet har f.o.m. 2009 halde sine møte for opne dører. Utvalet har hatt 4 møter i 2009, og det har vore behandla 26 saker. I tillegg kjem orienterings/meldingssaker.

Kontrollutvalet samarbeider med kommunens valde revisor, Deloitte, Statsautoriserte Revisorer AS., og med kommunens valde sekretariat, Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS. Samarbeidet mellom revisjonsselskapet, sekretariatet og kontrollutvalet har vore godt.

4. KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER, MÅL OG RESULTAT

Kontrollutvalet er opptatt av å ha ei arbeidsform som gir best mulig angrepsvinkel for sitt tilsynsansvar.

Generelle oppgåver:

Kontrollutvalet har i løpet av året invitert følgjande administrative leiarar for å orientera om aktuelle saker:

19.02.09	Kommunalsjef Kåre Strand orienterte om administrasjonens oppfølging av rapporten "Inneklima".
23.04.09	Rådmann Ivar Undheim og økonomisjef Viggo Johansen orienterte om rekneskap og årsmelding for 2008
10.09.09	Skatteoppkrevjar Ivar Slettebø orienterte om skatterekneskapen 2008
26.11.09	Økonomisjef Viggo Johansen orienterte om tertialrekneskapet
	Rådmann Svein Tore Åtland og økonomisjef Viggo Johansen orienterte om tertialrekneskapet og forslag til budsjett for 2010

I kontrollutvalets møter, under punktet eventuelt, er det gitt høve til å reisa aktuelle problemstillingar.

Rekneskapsrevisjon:

Kontrollutvalet har i høve til årsplanen behandla følgjande saker:

- Årsrekneskap og årsmelding 2008 for Klepp kommune
- Følgja opp kommunens økonomiske situasjon
 - Økonomistyring og budsjettdisiplin i kommunen. Kontrollutvalet har følgd opp dette punktet via orientering frå økonomisjefen i samband med tertialrapportar
 - Oppfølging av eventuelle revisjonsmerknader til årsrekneskapet. Rekneskapet for 2009 vart avgitt utan presiseringar. Kontrollutvalet har fylgt opp merknader som revisor kom med i revisjonsmeldinga for 2008.

Forvaltningsrevisjon

I løpet av 2009 har kontrollutvalet behandla følgjande ferdigstilte forvaltningsrevisjonsrapport:

- Innkjøp
Rapporten vart oversendt kommunestyret for sluttbehandling.

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at kommunestyrets vedtak i fbm forvaltningsrevisjon vert følgd opp av administrasjonen. Kontrollutvalet har i løpet av året behandla oppfølging av tidlegare rapport vedr.

- Inneklima
Administrasjonens tilbakemelding vart tatt til orientering

Selskapskontroll

Når det gjeld selskapskontrollar, var det føresett i årsplanen at det skulle veljast ut aktuelle prosjekt blant kommunens selskap i samarbeid med andre eigarkommunar.

Ved årets utgang har kontrollutvalet utestående tidlegare bestilt selskapskontroll i

- IVAR IKS

Det er venta at denne vil bli behandla i byrjinga av 2010.

5. KONTROLLUTVALET BUDSJETT/REKNESKAP:

Kontrollutvalet har i følgje forskriftas § 18 utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsverksemda i kommunen. I tillegg har kontrollutvalet behandla tertialvise rekneskapsrapportar for dette budsjettområdet. Kontrollutvalets budsjett inneheld for det meste lovpålagte område som rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og kjøp av sekretariatsteneste.

Kontrollutvalet opptretr på vegne av kommunestyret og er direkte underordna dette. Derfor pålegg forskrifta at kommunestyret skal vera kjent med kontrollutvalets vurdering av det økonomiske behovet på kontroll- og tilsynsarbeidet. Kontrollutvalets forslag skal derfor iflg. forskrift om kontrollutvalg vera kjent for kommunestyret når formannskapets innstilling til budsjett vert lagt fram (§ 18).

6. KURS/SEMINAR OG OPPLÆRING

Medlemmer frå kontrollutvalet har i løpet av året deltatt på seminar i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland på Sandnes i oktober 2009.

7. ØVRIG

Sakene til kontrollutvalet er lagt ut å kommunen sine heimesider, og er i tillegg tilgjengelige for gjennomsyn på Rådhuset i Klepp.

Kontrollutvalet har utført tilsynet med forvaltninga i Klepp kommune i hht. lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk. Det er ikkje avdekka tilhøve som krev spesielle kontrolltiltak, og så langt kontrollutvalet kjenner til er kommunens økonomiforvaltning tilfredsstillande.

Så langt kontrollutvalet kjenner til er og det løpande revisjonsarbeidet utført i høve til lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Kontrollutvalets sekretariat skal iflg. forskriftene sjå til at saker som vert behandla av kontrollutvalet er forsvarlig utreda og at utvalets vedtak blir sett i verk. Sekretariatet har bistått kontrollutvalet med dette samt med anna praktisk sekretariatsarbeid, og har derfor vore til stades på alle møter.

Både revisor og ordføraren har møterett i kontrollutvalet. Revisor har vore til stades på dei møta der det har vore framlagt saker direkte frå revisjonen eller har vore andre saker som angår revisor. Ordføraren har ikkje vore til stades på nokre av møta i 2009.

Kleppe, 11.02.2010

Hanne-Lill Steen	Kristian K. Kleppe	Sigrud Lærdal	Reidar B. Thu	Arild Børge Skjæveland
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800215
Arkivkode : E: 212
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 11.02.2010	Utvalgssaksnr. 05/10
---	-------------------------------	--------------------------------

ÅRSREKNESKAP 2009 - KONTROLLUTVALETS BUDSJETT

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har iflg. *Forskrift for kontrollutvalg § 18* ansvar for å koma med forslag til budsjett for området kontroll og tilsyn. Dette medfører at ein òg får ansvar for oppfølging av budsjett og rekneskap på dette området.

Saksutredning:

Sekretariatet har bede Klepp kommune om å koma med oversikt over rekneskapen for 2009 innafør området kontroll og tilsyn.

Rekneskapen viser at det er eit meirforbruk på ansvar 1200 (kontrollutvalet) med 24%. Meirforbruket skuldast auka utgifter til godtgjersle folkevalde, at det ikkje er budsjettert med arbeidsgivaravgift og underbudsjettering til sekretariatsutgifter. Opprinneleg budsjett på dette området er framleis på 2008-nivå.

På område 1100 (revisjon) er det eit mindreforbruk med ca. 11%. Mindreforbruket relaterer seg både til rekneskapsrevisjon og til forvaltningsrevisjon. Budsjett til forvaltningsrevisjon ser ut til å ha blitt justert opp på nivået for 2008 i løpet av året. Samla sett er det dermed eit mindreforbruk på ca. 5% i rekneskapet.

Dette rekneskapet går inn i endeleg samla årsrekneskap m/revisjonsmelding for Klepp kommune.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar den framlagde rekneskapen for budsjettområde for kontroll og tilsyn for 2009 til orientering.

Sandnes, 26.01.2010

Wencke S. Olsen
sekr. leder

Vedlegg:

[Rekneskapsoversikt](#)



Regnskap 31.12.09 for kontroll og tilsyn (revisjon og kontrollutval)

Ansvar 1200 Teneste 1002: Kontrollutval							
Art		Kontrollutvalets forslag 2009	Vedtatt budsjett i kst 2009	Rekneskap		Rekneskap	%
				2. tertial 09	%	Pr. 31.12. 09	
1080	Godtgj. folkevalde	66 000	66 000	47 080		70 620	
1099	Arbeidsgiveravgift			6 638		9 957	
1100	Kontorutgifter	2 000	2 000	1 750		1 750	
1150	Opplæring/kurs	60 000	5 000	0		1 500	
1160	Reiseutgifter og diett	1 000	1 000	133		133	
1370	Kjøp tenester andre (sekretariat)	130 000	100 000	46 118		132 790	
1429	Merverdiavgift som gir rett til moms-kompensasjon	32 500	28 000			21 668	
	Brutto driftsutgifter	291 500	202 000			238 418	
1729	Komp. moms, påløpt i driftsregnskapet	-32 500	-28 000			-21 668	
	Netto driftsutgifter	259 000	174 000	101 719		216 750	124%
Ansvar 1100 – Teneste 1010 Revisjon							
Art							
1146	Fordelte fellesutgifter	15 000	15 000			22 166	
1352	Revisjon rekneskap/attest.	310 000	320 000	147 269		269 738	
1356	Forvaltningsrevisjon	200 000	200 000			165 000	
1429	Merverdiavgift som gir rett til moms-kompensasjon	127 500	100 000			108 685	
	Brutto driftsutg.	652 000	635 000			565 589	89%
1729	Komp. moms, påløpt i driftsregnskapet	-127 500	-100 000			-108 685	
	Netto driftsutgifter	525 000	535 000	147 269		456 904	85,5%
Samla rekneskap for kontroll og tilsyn 2009			709 000			673 654	95%

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800001
Arkivkode : E: 033
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalet i Klepp	Møtedato 11.02.2010	Utvalgssaksnr. 06/10
--	-------------------------------	--------------------------------

EIGENKONTROLL I KOMMUNANE, ORIENTERING OM RAPPORT

Bakgrunn:

Kommunal- og regionaldepartementet oppnemnde i november 2008 ei arbeidsgruppe for å sjå nærmare på kommunanes eigenkontroll. Gruppas mandat ligg vedlagt (1).

Rapporten frå gruppas arbeid ligg nå føre. Resultat frå denne rapporten var m.a. eit vesentleg tema på årets kontrollutvalgskonferanse på Gardermoen i byrjinga av februar.

Saksutredning:

Arbeidsgruppa har hatt i alt 10 medlemmer. I tillegg har en spesialrådgivar frå KRD møtt som observatør. Gruppas medlemmer har bestått av 2 ordførarar, 2 rådmenn, 2 kontrollutvalsleiarar, fagdirektør i Den Norske Revisorforening, daglig leiar i Norsk Kommunerevisor-forbund, ein seniorrådgivar i KRD samt ein førsteamanuensis ved Høgskolen i Oslo. Rogaland har vore representert i gruppa ved rådmann Inger Østensjø, Stavanger kommune.

Rapporten er på i alt 140 sider, og vil bli oversendt på e-post for gjennomsyn. Rapporten er delt inn i to hovudområde. Del 2: *Aktørane og verkemidla i eigenkontrollen* og del 3: *Samspelet mellom aktørane*. Ut frå dette munnar rapporten ut i 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane. For oversikt over alle tilrådingane vises til vedlegget (2).

Arbeidsgruppa har gjennom sitt arbeid kome fram til tre hovud anbefalingar for å styrka eigenkontrollen:

- *Internkontrollen til administrasjonssjefane i kommunane må utviklast og styrkjast*
- *Det må vere god forståing av rollene og godt samspel mellom aktørane i eigenkontrollen, det vil seie kommunestyret, kontrollutvalet, administrasjonssjefen og revisor.*
- *Kompetansen hos revisor og i sekretariatet må vere høg, og bør sikrast.*

Ser ein nærare på rapporten, finn ein at mange av tilrådingane går inn i kontrollutvalets arbeid, ikkje bare det som er foreslått overfor utvalet sjølv. Tilrådingane retter seg mot:

- Kontrollutvalet (inkl. sekretariat)
- Administrasjonssjefen
- Revisor
- Kommunestyret og fylkestinget
- Kommunen som eigar
- Fylkesmannen
- Organisasjonane i kommunesektoren (KS)
- Forskingsmiljø
- Staten

På dei neste sidene finst eit kort samandrag over dei viktigaste tilrådingane. (Sjå vedl. 2 for oversikt over samtlige tilrådingar.)

Kap 2: Aktørane og verkemidla i eigenkontrollen

Under avsnittet om *kontrollutvalet* (11 tilrådingar) vert det m.a. foreslått nye reglar for val av kontrollutval, hovudregel om opne møter i kontrollutvalet, styrkt opplæring og endring i reglane om kven som kan sitja i kontrollutvalet. Gruppas fleirtal foreslår ikkje utvida rettar for mindretalet i kontrollutvalet, då man meiner dette først og fremst er aktuelt i kommunar som har parlamentarisk styreform.

Sekretariata er ein del av utvalet, og er derfor og nemnt under dette punktet. Her vert det foreslått evaluering av ordninga, kartlegging av kompetanse og ressurstilgang og presisering av kven som kan fungera som sekretariat.

Når det gjeld *kommunane sin eigen internkontroll* (15 tilrådingar), er tilrådingane først og fremst retta mot administrasjonssjefen og forslag for å styrka internkontrollen og rapportering og informasjon om denne. Det vert og peika på behov for rettleiarar innafør området.

Rapporten har eit eige avsnitt om *internkontroll ved anskaffingar* (6 tilrådingar). Desse går i hovudsak ut på tydeliggjering av retningsliner, ansvar og roller. Det vert og peika på behova for lett tilgjengelige system og avtalar (noko som og har vore poengtert i forvaltningsrevisjonsrapportar innafør området).

Blant *øvrige tilrådingar om internkontrollen* (6 tilrådingar) vert det m.a. foreslått å klargjera om revisor skal vurdere om finansforvaltninga er i tråd med finansreglementet i kommunen.

Rapporten har og fleire tilrådingar innafør *rekneskapsrevisjon* (12 tilrådingar). Dette omfattar m.a. behov for betre informasjon til kontrollutvalet på fleire område, kartlegging av kompetanse i revisjonen, krav om betre informasjon om den interne kvalitetskontrollen, forslag om statlig tilsyn av kommunale revisorar, sertifiseringsordning, skifte av oppdragsansvarlig revisor kvart 7. år, samt øvrige orienteringar til kontrollutvalet/ kommunestyret.

Når det gjelder *forvaltningsrevisjon* (10 tilrådingar) vert det m.a. foreslått at det i større grad vert utarbeidd statistikkar og oversikter, krav om "lettaste" rapportar, poengtering av viktigheita av at den overordna analysen er basert på risikovurderingar, krav om publisering av ferdigbehandla rapportar, viktigheita av gode bestillingar (skulering av kontrollutval og sekretariat), viktigheita av at revisor presiserer kva ein rapport omfattar og evt. ikkje omfattar og at revisor bør orientera kontrollutvalet dersom man avdekker tilhøve som kunne vore gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Innafor området *selskapskontroll* (10 tilrådingar) vert det presisert at ein del av begrepa innafør området bør avklarast. Viktigheita av eigarskapsmeldingar/oversikter blir og peika på, samt samordning av kontroller mellom eigarane. Ein tar og opp behovet for samordning av selskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap. Det vert peika på at man bør få lovfesta innsyn i § 27-selskap som er egne rettssubjekt. Behov for forskning på enkelte område innafør selskapskontrollen/samt statistikk vert og nemt.

Gruppa vart spesielt bedne om å sjå nærmare på: Opne møte i kontrollutvalet (sjå avsn. ang. kontrollutvalet) og kontroll med *dei kyrkjelege felleståda* (2 tilrådingar). Her konkluderer gruppa med at man bør sikra god dialog mellom desse og kommunane, og at dersom det er ønskelig vil kommunane lokalt kunne stilla vilkår som sikrar kontroll med tilskota. Det vert elles ikkje foreslått endringar.

Kap 3: Samspillet mellom aktørane

Når det gjeld *kommunestyret og kontrollutvalet* (4 tilrådingar), peiker arbeidsgruppa først og fremst på kommunestyrets ansvar for å setja av tilstrekkelige ressursar til kontrollutvalets arbeid. Det vert og peika på viktigheita av å avklara rollane som kontrollutvalsmedlem.

Arbeidsgruppa poengterer at når det gjeld samspelet mellom *kontrollutvalet og administrasjonssjefen* (2 tilrådingar) bør administrasjonssjefen få alle innkallingar til kontrollutvalsmøta. I tillegg bør kontrollutvalet trekka inn administrasjonssjefen i arbeidet med den overordna analysen. (Begge tiltaka er gjennomført lokalt).

Gruppa har og sett på samspelet mellom *revisor og administrasjonssjefen* (3 tilrådingar). Her peiker ein på behov for rettleiing om kva revisor skal utføre, og kva som skal rapporterast mellom aktørane. Det tas og her opp forhold knytt til Offentleglova, både når det gjeld tidspunkt for offentleggjering av rapportar og dokument mellom kontrollutvalet, revisor og administrasjonen.

Til slutt har arbeidsgruppa sett nærare på samspelet mellom eigenkontrollen og Fylkesmannen (4 tilrådingar). Arbeidsgruppa ber her om ei avklaring på om revisor skal melda frå i tråd med krava i kvitvaskingslova, at kommunane bør sørge for at tilsynsrapporter frå fylkesmannen vert behandla i folkevalde organ, at sekretariata held kontrollutvala orientert om rapportar frå fylkesmannen som har interesse for kontrollutvalet og at fylkesmannen vert pålagt å halda seg orientert om planar og resultat av den kommunale eigenkontrollen (inkl. kontrollutvalet).

Oppsummering:

Avslutningsvis kommer arbeidsgruppa med følgjande tilrådingar:

- Kontrollutvala gjer ein jobb dei kan være stolte av: *Kontrollutvala må fortelja om kva dei gjer, og kommunestyret må lytta!*
- Kontrollutvala, revisorane og sekretariata gjer mykje godt arbeid: *Vis det, legg rapportar ut på nettet og skriv slik at alle kan forstå!*
- Det nyttar å driva kontrollarbeid: *Kommunane må visa at dei lærer og forbetrar seg. La innbyggjarane få vita om det!*
- Kontrollarbeid i ein kommune kan føra til læring for andre òg: *Kontrollutvala må dela erfaringar med kvarandre!*

Saka er ei orienteringssak, det skal ikkje gis høyringsuttale el. l. på noverande tidspunkt.

Saka vert derfor kun lagt fram til orientering/diskusjon. Ei eventuell høyringsuttale vil koma på eit seinare tidspunkt.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet tar saka til orientering.

SANDNES, 05.01.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

Vedlegg:

Gruppas mandat (1)

Oversikt over tilrådingar i rapporten (2)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800001
Arkivkode : E: 033
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 11.02.2010	Utvalgssaksnr. 07/10
---	-------------------------------	--------------------------------

TOLKINGAR FRÅ DEPARTEMENTET - KONTROLL OG TILSYN

Bakgrunn:

KRD (Kommunal- og regionaldepartementet) samlar med ujamne mellomrom tilbakemeldingar som er gitt til kommunane og andre, om diverse spørsmål som gjeld den kommunale forvaltninga i eit rundskriv. Her er òg uttalingar vedrørande kontroll og revisjon samla i eit eige kapittel. Førre rundskriv var H-19/05 og H-02/06. Det nye rundskrivet har nemninga H-02/09.

Uttalar frå Departementet gjer føringar for korleis lover og føreskriftar skal tolkast og forståas. Dei er ein del av rettspraksis, men må sjåast i samanheng med prinsippet om lover sin forskjellige rang. Grunnlova står øvst, og slike tolkingar som det her er snakk om, ligg nedst på rangstigen.² Det vil seie at dei skal takast omsyn til som gjeldande praksis så sant dei ikkje strider mot lover og forskrifter som ligg over dei på rangstigen.

Saksutredning:

Innanfor området kontroll og tilsyn, har Departementet i perioden sidan førre rundskriv (2006), gitt uttale til følgjande saker som gjeld revisjon og kontrollutval (hovudpoeng er satt i kursiv av sakshandsamar):

Om val av medlem til og samansetjing av kontrollutvalet

1) Sak 07/2541 Kommuneleva § 77 nr. 1 og 2

Saka reiste spørsmål om tilfelle der alle medlemene i kommunestyret hadde verv som gjorde at dei ikkje kunne veljast som medlem til kontrollutvalet. *Departementet uttala at lova byggjer på at kommunestyret ved val av formannskap og andre organ, alltid må sjå til at minst eitt medlem av kommunestyret kan veljast til kontrollutvalet.*

2) Sak 08/640 Kommuneleva §§ 10 a og 77 nr. 1 og 2

Departementet uttala seg om fleire spørsmål om val av medlem til kontrollutvalet, mellom anna om:

- *varamedlem til kontrollutvalet er utelukka frå val til ein kommunestyrekomité, jf. omgrepet "medlemmer" i kommunelova § 10 a nr. 2 andre punktum,*
- *eit medlem av ein kommunestyrekomité er utelukka frå val til kontrollutvalet, jf. kommunelova § 77 nr. 2,*
- *kravet i kommunelova § 77 nr. 1 fjerde punktum om at minst eitt av medlemene til kontrollutvalet skal veljast mellom kommunestyret sine medlemmer, og*
- *at kommunestyret må vere representert i kontrollutvalet i heile valperioden.*

3) Sak 08/478 Kommuneleva § 77 nr. 1 og 2

Saka gjaldt spørsmål om samansetjinga av kontrollutvalet, og regelen om at kommunalt tilsette er utelukka frå val til kontrollutvalet. Departementet uttala seg *om ulovleg samansetjing av kontrollutvalet fekk noko å seie for gyldigheita til vedtaka, og om kven som skal reknast som tilsette i kommunen etter kommunelova § 77 nr. 2*

² Lex-superior prinsippet

Om retten for kontrollutvalet til innsyn i skatterekneskapen og tilsyn med skatteoppkrevjaren i kommunen

Sak 07/331 Kommuneleva §§ 76 og 77

Saka gjaldt spørsmål om kontrollutvalet har rett til innsyn i skatterekneskapen til kommunen, og om kontrollutvalet sitt tilsyn med skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen. Departementet uttala at *kontrollutvalet må ha lik rett som andre forvaltnings- eller tilsynsorgan til å få opplysningar om skatterekneskapen*, og at det må byggje på ei konkret vurdering i kvar sak om kor langt utvalet kan føre tilsyn med skatteoppkrevjaren.

Om retten for kontrollutvalet til innsyn i e-posten til tilsette i kommunen

Sak 06/2684 Kommuneleva § 77 og kontrollforskrifta § 4 (pdf-format)

Saka gjaldt spørsmål om kontrollutvalet hadde rett til innsyn i e-posten til dei tilsette i kommunen. Departementet la til grunn at *ei gransking av e-post ligg heilt i grenseland for kva som er ein naturleg og naudsynt del av tilsynsfunksjonen for kontrollutvalet* etter kommuneleva § 77 nr. 7. Datatilsynet hadde og gjeve fråsegn i saka.

Om retten for kontrollutvalet til innsyn i datasystem

Sak 07/842 Kommuneleva § 77 (pdf-format)

Departementet uttala seg om retten for kontrollutvalet og einskildmedlemmer av kontrollutvalet til å hente opplysningar frå dei ulike datasystema i kommunen i samband med eit forvaltningsrevisjonsprosjekt, og understreka at *kompetansen etter kommuneleva § 77 er lagt til kontrollutvalet som kollegialt organ*.

Spørsmål om kontrollutval og revisjon

1) Sak 06/1463 Kommuneleva § 77, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (pdf-format)

Departementet uttala seg om fleire spørsmål til forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, mellom anna om;

- høvet til å gjere endringar i budsjettforslaget frå kontrollutvalet før det vert behandla i kommunestyret eller fylkestinget:
Kontrollutvalgets forslag til budsjett er kontrollutvalgets eget og kan bare endres av kontrollutvalget selv. Det innebærer ikke at formannskapet ved sitt samlede budsjettforslag for helekommunens virksomhet er bundet til å ta hensyn til kontrollutvalgets vurdering
- om det strider mot sjølvstendet til revisor å ta på seg forvaltningsoppdrag eller selskapskontroll, dersom revisor på førehand har vore med på å lage plan for den same forvaltningsrevisjonen eller selskapskontrollen:
En revisor har i utgangspunktet ingen rolle ved utarbeidelsen av slike planer. Hvorvidt en revisor kan medvirke ved utarbeidelse av forslag til en slik plan er et spørsmål om vedkommende vil være inhabil etter forvaltningsloven § 6 eller om det vil være i strid med bestemmelsene om revisors uavhengighet i loven § 79 og forskrift om revisjon § 13. Vi kan vanskelig se at lov og forskrift i seg selv er til hinder for at revisor kan gi bistand til kontrollutvalgets sekretariat i forbindelse med slike planer, men dersom revisor senere skal - eller det er en mulighet for dette - gjennomføre revisjon på bakgrunn av den aktuelle planen, må anledningen til å bidra ved utarbeidelse av planen (eller senere påta seg revisjonsoppdrag med utgangspunkt i planen) vurderes i lys av forvaltningsloven § 6 og bestemmelsene om revisors uavhengighet. Etter forvaltningsloven § 6 vil inhabilitet kunne oppstå i en rekke situasjoner – både der vedkommende revisor selv må anses for å være part i saken, eller har nær tilknytning til en part, og etter den mer skjønsmessige bestemmelse i annet ledd hvor det blir avgjørende om det foreligger såkalte "særegne forhold". Det vil føre for langt å her gå nærmere inn på alle de situasjoner som kan være aktuelle i forhold utarbeidelse av slike planer som omtalt. Vurderingen må gjøres konkret.
- om det same omstendet vil vere problematisk for sekretariatet i kontrollutvalet:
At sekretariatet har bidratt i forbindelse med utarbeidelsen av plan for forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll vil ikke kunne gjøre sekretariatet inhabilt til å foreta bestilling med utgangspunkt i de samme planer, like lite som kontrollutvalget selv vil kunne være inhabilt til å gjennomføre bestillingen på grunnlag av planer det selv har utarbeidet. Sekretariatet er i denne relasjon ikke uavhengig av kontrollutvalget, og skal heller ikke være det.
- om kontrollutvalet kan be om å få planar frå revisjonen om revisjon av årsrekneskapen i kommunen, og gje merknader og ev. godkjenne desse:

En revisjonsplan for revisjon av årsregnskapet utarbeides på revisjonens eget faglige ansvar. På denne bakgrunn vil det etter vår oppfatning ikke være naturlig for kontrollutvalget å gi merknader til eller godkjenne slike planer.

2) [Sak 05/3251 Forskrift om kontrollutval §§ 10, 13 og 14 \(pdf-format\)](#)

Eit kontrollutvalssekretariat stilte fleire spørsmål om oppgaver, funksjon og myndigheit til kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen, og departementet uttala seg mellom anna om;

- korleis selskapskontroll og eigarkontroll i selskap som ikkje er fullt ut offentleg eigde må gjerast innanfor rammene aksjelova set for korleis eigarane kan opptre: *Aksjeloven*
- kva kontroll som må reknast som eigarkontroll, og kva som er selskapskontroll med forvaltningsrevisjon:
Kontrollen etter første ledd vil primært dreie seg om hvorvidt pålagt ansvar og instruksjer etterleves av den som utøver kommunens eierfunksjon. Forvaltningsrevisjon vil gjerne innebære en bredere tilnærming, hvor det tas utgangspunkt i måloppnåelse, effektivitet og samfunnmessige virkninger.
- kva instans i kommunen som bestemmer om ein skal gjere forvaltningsrevisjon i eit selskap
Kommunestyret via vedtatt Plan for selskapskontroll

Om selskapskontroll i kommunane

1) [Sak 06/450 Kommuneleva §§ 77 og 80 \(pdf-format\)](#)

Departementet uttala seg om fleire spørsmål til regelverket om selskapskontroll i kommunane, mellom anna:

- om kommunerevisoren si rolle i høve til selskapskontroll:
Selskapskontroll er en oppgave som ligger utenfor revisors oppgaver i forbindelse med revisjon av kommunens (eller et kommunalt foretaks) årsregnskap. I merknadene til bestemmelsen fremgår at oppdrag til å gjennomføre selskapskontroll kan gis til "(d) en som har innsynsrett etter kommuneloven § 80" - i tillegg til at oppgaven gjennomføres av kontrollutvalgets sekretariat. Vår oppfatning er at den mest naturlige forståelsen av lovbestemmelsene sammenholdt med forskriften, er at oppdrag til å gjennomføre selskapskontroll kan gis til den som iht. til det ovenstående er valgt som "kommunens revisor" - og at innsynsretten i praksis gjennomføres av den som har oppdragsansvaret for gjennomføringen av kontrollen. Hvem som er oppdragsansvarlig vil på samme måte som for regnskapsrevisjon avgjøres av hvem revisjonsenheten utpeker
- i kva grad retten til innsyn etter kommunelova § 80 må utøvast som ledd i ein planlagd selskapskontroll, eller om ein når som helst kan spørje etter dokument og informasjon:
... dette bør begrenses til det innsyn som nødvendig for å danne grunnlag for utarbeiding av planen for selskapskontroll. En omfattende informasjonsinnhenting og undersøkelser som går utover dette vil etter vår oppfatning stå i et anstrengt forhold til kravet om en planmessig tilnærming, og kan neppe sies å være i samsvar med forskriftens
- om retten for kontrollutval og revisor til å vere til stades på generalforsamlinga og representantskapsmøter i selskapa kan nyttast fritt i høve til den plan for selskapskontroll som er vedteke:
... antar vi at denne retten kan utøves uavhengig av vedtatt plan for selskapskontroll. Utøvelsen av møteretten vil være lite inngripende og innebære liten administrativ merbelastning for selskapet
- kor fritt kontrollutvalet står til å avgjere kven som i praksis skal gjennomføre selskapskontrollen, jf. kontrollutvalgsforskrifta § 13, og kva organ som er omfatta av omgrepet "tilsvarende organer" i kommunelova § 80 tredje ledd.
*Kontrollutvalgsforskriften § 13 tredje ledd fastsetter at kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll. I merknadene til denne bestemmelsen uttaler departementet:
"Den som har innsynsrett etter kommuneloven § 80, kan gis i oppdrag å gjennomføre selskapskontroll. Etersom eierskapskontroll, jf § 14 første ledd, ikke vil utgjøre forvaltningsrevisjon, kan slik kontroll utføres av for eksempel kontrollutvalgets sekretariat." Departementets oppfatning er at når kontrollutvalget er gitt innsynsrett, må den utøves av kontrollutvalget som organ, i praksis gjennom utvalgets operative ledd - sekretariatet. Vår oppfatning er at det er tvilsomt om kontrollutvalget står fritt til å legge denne retten til den det måtte ønske.*

2) [Sak 06/2625 Kommuneleva §§ 77 nr. 5 og 80 \(pdf-format\)](#)

Departementet uttala seg om kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for interkommunale samanslutningar etter kommunelova § 77 nr. 5:

Bestemmelsen (§ 80) er uttømmende når det gjelder hvilke selskaper som er underlagt

denne utvidede innsynsretten. Interkommunale sammenslutninger regulert av kommuneloven § 27 faller utenfor. En eventuell utvidet innsynsrett hos disse sammenslutningene vil måtte bygge på en avtale om dette mellom de deltagende kommunene.

Det var også spørsmål om utlandske selskap var omfatta av tilsynsansvaret til kontrollutvalet, *noko departementet la til grunn ikkje var tilfelle.*

Rapportering frå kontrollutvalet til fylkestinget (det samme vil gjelde for by- og kommunestyrer)

[Sak 06/2839 Kommunelova § 77 nr. 6 \(pdf-format\)](#)

Saka gjaldt spørsmål om rapportering til fylkestinget om resultatata frå arbeidet til kontrollutvalet etter kommunelova § 77 nr. 6, og om kva rolle og rettar administrasjonssjefen har i samband med denne rapporteringa:

Departementet mener det ikke er formelt riktig at administrasjonssjefen avgir innstilling til fylkestinget i en sak som faller inn under kommuneloven § 77 nr. 6. (Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget) Det kan ikke utelukkes at de faktiske forhold i en sak gjør at politikerne finner det nødvendig å innhente uttalelse fra administrasjonen etter at kontrollutvalgets rapport foreligger, for eksempel hvis det i rapporten fremkommer opplysninger som administrasjon ikke har fått uttalt seg om. Dette er imidlertid en konkret avgjørelse som i tilfelle vil måtte treffes på politisk nivå.

Framlegging for administrasjonssjefen før kontrollutvalet rapporterar til fylkestinget (også by- og kommunestyrer)

[Sak 08/1510 Kommunelova § 77 nr. 6 og kontrollutvalgsforskrifta §§ 8, 11- 12 og § 15 \(pdf-format\)](#)

Departementet uttala seg om kva saker kontrollutvalet pliktar å leggje fram for administrasjonssjefen til uttale etter kommunelova § 77 nr. 6, før det rapporterar om resultatata frå arbeidet sitt til kommunestyret eller fylkestinget:

Kontrollutvalgsforskriften inneholder bestemmelser som pålegger kontrollutvalget plikt til å rapportere til kommunestyret. Det gjelder § 8 (oppfølging av revisjonsmerknader), §§ 11 - 12 (rapporter om forvaltningsrevisjon og oppfølging av disse), § 15 (rapportering om selskapskontroll).

Verken loven eller forarbeidene er helt klare på hvilke saker som skal forelegges administrasjonssjefen til uttalelse etter kommuneloven § 77 nr. 6 annet punktum. Departementet antar - ut fra hensynet bak regelen - at plikten til å forelegge saker for administrasjonssjefen i hvert fall vil omfatte de saker der utvalget skal rapportere i henhold til bestemmelsene i forskriften.

Bestemmelsen i loven inneholder imidlertid intet eksplisitt krav om kommunikasjon med administrasjonssjefen i andre saker - for eksempel forslag til virksomhetsplaner, planer for forvaltningskontroll m.m.. Etter departementets oppfatning tilsier heller ikke hensynet bak regelen at man tolker inn en slik plikt i lovbestemmelsen. Departementet antar på denne bakgrunn at foreleggelsesplikten i § 77 nr. 6 annet punktum ikke vil gjelde i sistnevnte tilfeller.

Eineretten for kontrollutvalet til å utgreie og innstille med omsyn til val av revisjonsordning

[Sak 07/2612 Kommunelova § 78 nr. 3 \(pdf-format\)](#)

Saka gjaldt tolking av kommunelova § 78 nr. 3 og kva som ligg i eineretten for kontrollutvalet til å greie ut og innstille til fylkestinget med omsyn til val av revisjonsordning. *Departementet uttala at det må vere kontrollutvalet sine egne sjølvstendige vurderingar som leiar fram til innstillinga, men at det kan hente inn fylkesordføraren sitt syn dersom det er føremålstenleg.*

Val av revisor og revisjonsordning for kommunen

[Sak 06/2822 Kommunelova § 78 \(pdf-format\)](#)

Departementet uttala seg om spørsmål til føreseigna i kommunelova om val av revisor og revisjonsordning for kommunen, og fann at *kommunestyret ikkje kan delegera myndigheita til sjølv å treffe avgjerd i slike saker, og at avgjerda må treffast etter ei innstilling frå kontrollutvalet.*

Sjølvstende for oppdragsansvarleg revisor

[Sak 06/1386 Kommunelova § 79 \(pdf-format\)](#)

Departementet uttala seg om krava til sjølvstende for oppdragsansvarleg revisor, og om tilhøvet til slekting i leiande stilling i den kommunen som vart revidert. *(Er en lengre vurdering av en konkret sak der revisor har nære slekt/samboer ansatt i kommunale stillinger).*

Rundskrivet er laga med linkar til de aktuelle uttalingane, og den som ønskjer å sjå heile dokumentet kan gå inn på denne adressa:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/rundskriv/2006/rundskriv-h-0206.html?id=109621>

Adressa kan oversendes på e-post frå sekretariatet for direkte tilgang dersom noen treng/ynskjer det.

Tolkingsuttalane er ei orientering til kontrollutvalet.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet tar rundskriv H-02/06 med tolkingar frå Departementet til orientering.

SANDNES, 25.01.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800153
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 11.02.2010	Utvalgssaksnr. 08/10
---	-------------------------------	--------------------------------

OVERSIKT OVER STATUS BESTILTE PROSJEKT OG KONTROLLAR PR. FEBRUAR 2010

Bakgrunn:

Sekretariatet legg til kvart møte fram ei orienteringssak som viser oversikt over status på dei forvaltningsrevisjonsprosjekt og selskapskontrollar som er bestilt av kontrollutvalet. Denne inneheld og ei oversikt over kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, og når desse skal følgjast opp av kontrollutvalet. Til slutt vil det komma ei oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla av kontrollutvalet i den inneverande perioden.

Saksutredning:

Alle prosjekta som kontrollutvalet bestiller skal vera med bakgrunn i planer som er vedtatt av kommunestyret, eller med bakgrunn i pålegg frå kommunestyret. Både ny Plan for forvaltningsrevisjon og ny Plan for selskapskontroll for den inneverande kommunestyre- perioden er vedtekne av kommunestyret i Klepp.

Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Prosjektstyring” ligg føre til behandling til dette møtet.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar oversikt over status prosjekt og kontrollar pr februar 2010 til orientering.

SANDNES, 02.02.2010

Wencke S. Olsen
Skr.leder

Vedlegg:
[Statusoversikt](#)

Oversikt over status prosjekt og kontrollar – februar 2010

Vedtatte prosjekt under arbeid:

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Vedtatt igangsett</i>	<i>Estimert timeforbruk</i>	<i>Status/forventa ferdigstilt til</i>
Prosjektstyring			<i>Prosjektmandat til behandling</i>
<i>Selskapskontrollar</i>			
IVAR IKS	11.12.2008	25 t	
.			

Prosjekt behandla i kontrollutvalet som venter på oppfølging eller er ferdigbehandla:

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Bestilt</i>	<i>Behandla</i>	<i>Oversendt kommunen</i>	<i>Planlagt oppfølging og svarfrist</i>
Innkjøp	23.04.2009	26.11.09	01.12.09	6 mnd etter kst-vedtak
Legevakttenesta	2007/20.02.08	11.12.2008	14.12.2008	
Barnevern	12.06.2008	23.04.2009	27.04.2009	
Vedlikehald og inneklima i kommunale bygg		27.11.06		2008
<i>Selskapskontrollar</i>				
Lyse Energi AS	30.04.07	30.04.08	3/5-08	